



Statens vegvesen

Osterøy kommune

5282 LONEVÅG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516433

Vår referanse:
18/23576-2

Dykkar referanse:
14/833 – 18/1532

Vår dato:
27.02.2018

Uttale til søknad om dispensasjon – planering av naustområde og etablering av kaifront – gnr. 87 bnr. 1 – Hoshovde – Osterøy kommune

Statens vegvesen har den 02.02.2018 motteke dispensasjonssøknad til uttale. Av oversendingsbrevet frå Osterøy kommune går det fram at søknaden gjeld dispensasjon frå planføresegner, PlanID504–62, «*Hosanger sentrum*» for søknadspliktig tiltak i form av planering av naustområde og etablering av kaifront på gnr. 87 bnr. 1, Hoshovde. Konkret er det søkt dispensasjon frå kravet om utarbeidd detaljert plan for felt med blanda føremål, som følgjer av reguleringsføresegn § 2, punkt. 2.3. Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hosanger sentrum er definert som byggeområde – naustområde kontor. Sjøarealet er definert som offentlig trafikkområde – hamneområde i sjø.

Statens vegvesen har følgjande merknadar i saka:

Planføresegnene pkt. 5.5 gjev føringar for kva som kan etablerast på den aktuelle eigedommen:

- 5.5 Område for *naust/kontor*: I tillegg til naust for eventuelt utleige, kan det byggjast eit mindre kontorbygg for konsulentverksemd og liknande i 1 etasje med innreidd loft. For området gjeld også § 4.1.

I dispensasjonssøknaden frå Refsneset rådgivning vert det opplyst at kontorbygg ikkje er aktuelt og at ein no berre ynskjer å føre opp 5 naust i tråd med reguleringsføresegnene § 4.1. Ein kan difor ikkje sjå at det er naudsynt å utarbeide detaljert plan for området. Refsneset rådgivning har tidlegare fremja søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen for opparbeiding av ei avkøyrsløse med mindre svingradius enn det som er regulert. Statens vegvesen stilte seg kritisk til denne søknaden. Vi kan ikkje sjå at det har vore nokon korrespondanse i etterkant av vårt uttale til kommunen som var dagsett 26.06.2014.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Vi kan ikkje finne dokumentasjon på dette i våre sakssystem og stiller difor spørsmål ved dei opplysningane som går fram av dispensasjonssøknaden som er fremja no, der søkjar mellom anna skriv:

«Osterøy kommune har allereie gitt løyve til bygging av atkomstvegen. Atkomstvegen er nesten ferdig men disse arbeidene har stoppet opp på grunn av manglende byggeløyve for nøst-området samt avklaringer vedørende andre planer i området. Nå er de andre planene avklart og de vil ikkje få følger for området».

Statens vegvesen vil ikkje akseptere at det vert bygd ei avkøyrsla med dårlegare standard enn det vedteken reguleringsplan syner. Ein føresetnad for at vegvesenet skal kunne stille seg positiv til søknaden om dispensasjon frå kravet om detaljplan, er at det i saka kan dokumenterast at avkøyrsla frå Fv. 567 vert bygd i tråd med vedteken reguleringsplan – og etter ein byggeplan som Statens vegvesen har godkjend. Kravet om inngått gjennomføringsavtale vil i alle høve gjelde for alt arbeid knytt til fylkesveganlegget.

Plan- og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.